



Dønhaug Gardsbarnehage har no vore i drift i to år og torsdag 29. oktober var det toårsmarkering der. Markeringa gjekk føre seg ute med ei lita songsamling, grilling og loddsal.

Inntektene frå festen går til FORUT, ein organisasjon som hjelper barn i fattige land.

- I vår barnehage har vi samla inn pengar til ein gut som heiter Omis og som er frå Nepal. Totalt var det nett over 80 med på festen og vi fekk inn 3.015 kroner, opplyser styrar Helene Huse Bjørnebøle til uskedalen.no

Ho takkar alle som møtte opp for støtta og for at det vart ein koseleg kveld. Ho vil også takka Felleskjøpet og SPAR for fine gevinstar.

(Foto: Helene Huse Bjørnebøle)

